

Godfarfoss kraftverk Nore og Uvdal kommune og Hol kommune

Prosjektskildring for arkeologisk registrering

Innhold

BAKGRUNN	3
LANDSKAP OG KULTURMILJØ.....	3
VURDERING AV POTENSIAL FOR Å PÅVISE AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE	4
REGISTRERINGA; METODE, OMFANG OG ARBEIDSOPPLEGG	4
Prioritering og metode.....	4
<i>Overflateregistrering</i>	<i>4</i>
<i>Prøvestikking.....</i>	<i>4</i>
Omfang for arbeid i felt	5
For- og etterarbeid.....	5
Naturvitskapelege prøvar	5

Bakgrunn


Føremålet med planen er å tilrettelegge for nytt kraftverk i Godfarfoss mellom Nore og Uvdal kommune og Hol kommune.

Kun delar av det tiltaket som no er meldt inn er vurdert og delvis registrert av fylkeskommunen tidlegare. Dette gjeld blant anna området kring inntaket med tilkomstveg, men og i samband med plasseringa av det eldre massedeponiområdet med tilkomstveg (jamfør tiltak som skissert blant anna i 2013, 2018 og 2020.

Fylkeskommunen har vurdert tiltaka opp mot kulturminneomsyn gjennom ulike høyringar, men det er ikkje gjennomført endringar på ein slik måte som no. Fylkeskommunen har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om kulturminnetilhøve i dei nye tiltaksområda med blant anna massedeponi, adkomstvegar lager og riggområde. Det er heller ikkje vurdert kulturminne kring utløpet, ettersom plandetaljane her og er endra fleire gonger. Me må derfor gjennomføre ei arkeologisk registrering før me har grunnlag til å uttale oss konkret om kulturminneomsyn Vårt registreringskrav er heimla i kulturminnelova sin § 9 for planlegging av offentlege eller større private tiltak.

Landskap og kulturmiljø

Landskapet er i dag skogs- og myrlandskap med ein del bergflater mellom. Inn mot reguleringssona er det større området som kun ligg i dagen i deler av året ved låg vasstand i Pålsbufjorden. Området ligg ca. 750-800 moh. Dei slake liane kring Pålsbufjorden har vore attraktive områder å slå seg ned i steinalder, og tidlegare registreringar har synt at tettleiken av aktivitetsflater er stor i enkelte områder.



Vurdering av potensial for å påvise automatisk freda kulturminne

Registreringane av automatisk freda kulturminne som er gjennomført i samband med utarbeiding av økonomisk kartverk er ofte mangelfulle. Me må derfor gjennomføra ei registrering i felt før Me kan uttale oss til planen.

Me har per no ikkje kjennskap til om det ligg automatisk freda kulturminne innanfor dei nye tiltaksområda i detaljplan for Godfarfoss kraftverk. Me kjenner derimot til ein relativt stor tettleik av arkeologiske kulturminnelokalitetar tett på området, i reguleringssona til Pålsbufjorden. Eksempel på dette er; Id 179431 med funn av ei skaftholøks frå steinalder, Id 109457 der det er funne ein flateretusjert pilspiss i flint, ein mogleg bergkunstlokalitet Id 109432 og flater med fleire funn av både flint- og kvartsittavslag og kokstein ved Id 109419 og 109464. Lenger nord, ved Viken, skal det og ligge ei gravrøys. Desse spora er alle prov på at området har vore i bruk over lange tidsrom av førhistoria. Aktivitetsspora er spesielt rike gjennom steinalder då området må ha vore svært attraktivt til jakt og fiske, før ein truleg i sommarsesongen trakk lenger inn i fjellet.

Det er hovudsakleg potensial for å påvise spor frå steinalder i området, og det er spesielt dette som vil vera fokus under registreringa.

Registreringa; metode, omfang og arbeidsopplegg

Prioritering og metode

Sidan området stort sett består av utmark, vil den føretrekte registreringsmetoden vera ei såkalla visuell overflateregistrering.

Overflateregistrering

Overflateregistrering inneber å gå systematisk over området til fots for å sjå etter kulturminne. Dette kan vera graver, tufter, spor etter førreformatorisk jernframstilling, kolgroper, helleristningar, fangstgroper og dyregroper. Det kan og vera nyare kulturminne slik som spor etter eldre seterdrift eller husmannsplasser. Ein kan og finne steinalderlokalitetar i nedtappingsmagasing ettersom all vegetasjon og mold er borte, og funn som eksempelvis kvartsitt og flint ligg framme i overflata.

Prøvestikking

Søk etter steinalderbusetjingsspor vil i hovudsak bli gjort ved prøvestikking. Med ein spade grev ein mindre prøveruter; ca. 40 x 40 cm. Rutene har varierende djupn der regelen er at ein grev til ein støt på berg eller steril undergrunn. Massen i prøverutene blir sålda for eventuelt å påvise tilverka steinmateriale, særleg flint eller kvartsitt. Denne metoden inneber kun små terrenginngrep, ettersom stikka vert fylt igjen fortløpande.

Omfang for arbeid i felt

Reise tur/retur fylkeshusa og til og frå overnattingsstad til planområdet er tenkt å ta inntil 7,5 timar. Då sjølve registreringa er stipulert til å ta tett på 5 dagsverk vil sjølve feltarbeidet då komme opp i 6 dagsverk.

Arbeidet si fordeling i registreringsområdet er stipulert til:

Gnr/Bnr	Metode	Tidsbruk
Heile planområdet	Overflateregistrering/kontrollregistrering	37,5 timar
Reise est.	Køyring	7,5 timar
Sum		45 timar

For- og etterarbeid

Det er sett av 7,5 arbeidstimar til forarbeid. Dette inkluderer i hovudsak:

- Klargjering og pakking av utstyr.
- Avtalar om naudsynt tilkomst til eit område.
- Dialog med tiltakshavar og/eller grunneigar, eksterne konsulentar og/eller andre parter.
- Avtalar om maskinbruk for eksempel ved sjakting.
- Introduksjon til saka for felttilsette.

Det er også avsatt 30 timer til etterarbeid. Dette inkluderer:

- Utarbeiding av fagleg rapport.
- Utarbeiding av kart som syner avgrensing av kulturminne.
- Overlevering av kart-filer til tiltakshavar og/eller kommune for overføring til plankart.
- Bearbeiding og innsending av naturvitskapelege prøvar, og innarbeiding av desse i rapport.
- Innlegging av alle relevante registreringsdata i den nasjonale kulturminnedatabasen – Askeladden, inklusiv avgrensing, kartfesting og skildring av kulturminne.
- Overlevering av eventuelle funn, dokumentasjon og fagleg rapport til gjeldande forvaltingsmuseum.
- Handtering av funn, prøvar og dokumentasjonsmateriale.
- Ivaretaking og systematisering av data frå registreringar.

Naturvitskapelege prøvar

Dersom det blir påvist funn av strukturar som moglegvis kan vera automatisk freda kulturminne, vil me ta ut trekolprøvar frå eit utval av desse. Prøvane vert sendt til vedartsundersøking og deretter til C14-datering. Spesielt i tilfelle der det er tvil om ein struktur bør kategoriserast som automatisk freda eller ikkje, vil ei datering kunna avklara kulturminnet sin vernestatus.

Prisen vil ikkje overstiga kr. 6500,- per prøve. Me antar at datering av opp til 2 trekolprøvar vil vera tilstrekkeleg i ei undersøking av denne storleiken. Kostnader for vitskapelege prøvar er då og utrekna til å villa komma på inntil kr. 12.200,-.

All prissetting er oppgitt i 2020-satser. Ein må ta høgde for ei årleg justering av satsane.

Drammen, 2. mars 2021.

Håvard Hoftun

Arkeolog / rådgjevar

